

Almes Bygg og Skadeservice
Knarvikgarden 58
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2999 - 22/46974

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
17.06.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 134/70 Hilland


Tiltak: Tilbygg til fritidsbustad og utviding av brygge
Byggjestad: Gbnr: 134/70
Tiltakshavar: Almes Bygg og Skadeservice
Ansvarleg søkjar: Almes Bygg og Skadeservice

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.04.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ber om nye **teikningar** som viser mål på tiltaka, og kva som er eksisterande og kva som er nytt. **Situasjonskartet** bør og vise ytre måla på tiltaka (bryggje og tilbygg), samt tiltakets plassering i forhold til nabogrense (bryggje).
2. Utviding av bryggja verkar ut i frå teikningane å gå delvis inn på arealføremåla fritidsbustader og bruk og vern av sjø. Det vil å så fall krev **søknad som dispensasjon**.



Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 20.7.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Almes Bygg og Skadeservice
Almes Bygg og Skadeservice

Knarvikgarden 58
Knarvikgarden 58

5955 LINDÅS
5955 LINDÅS